



BO-PLAN Audun Skeie
Haukakvamsvegen 19

5585 SANDEID

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Svein Marken	952 12 653	2026/2619-5		08.05.2026

Varsel om tilsyn – Planering Industriområde - 143/222

Saksopplysningar

Saksnummer: 2026/2619

Tiltak: Planering industriområde

Tiltakshavar: Hellås og Handeland Entreprenør AS, Heio 42, 5452 Sandvoll

Ansvarleg søkjar: Bo-Plan Audun Skeie, Haukakvamsvegen 19,5585 Sandeid

Tidspunkt for tilsynet: Tirsdag 19.05.2026 kl. 10.

Møte stad: Onarheimsvegen 50

Tidsramme for tilsynet: ca. 1 time

Deltakarar frå kommunen:

Byggesak og geodata: Natalie Martins Sæberg og Svein Marken

Regelverk

Kommunar skal føre tilsyn med at plan- og bygningslova vert følgt i kommunen, jf. plan- og bygningslova (PBL) § 25-1 (1). Iht. byggesaksforskrifta (SAK10) § 1-3 (1) kan kommunen krevje alle dei opplysningar som er nødvendige for tilsyn.

Kva tid kan det førast tilsyn

Kommunen kan føre tilsyn kva tid som helst i løpet av byggesaka og inntil fem år etter at ferdigattest er gjeve, jf. pbl. § 25 -2, andre ledd.

Ansvar

Ansvarleg søkjar har etter SAK10 § 12-2 bokstav l ansvar for å legge til rette for kommunalt tilsyn. Alle føretak som erklærer ansvarsrett skal ha rutinar innanfor eige ansvarsområde for å sikre at krav etter plan- og bygningslova er oppfylt, jf. SAK10 kapittel 10.

SAK10 § 5-5 listar opp kva dokumentasjon som skal vere tilgjengeleg på byggeplassen. All dokumentasjon skal vere på eit skandinavisk språk.

Plan for tilsynet

Tilsynet vil bestå av ei synfaring på staden for at kommunen skal få oversikt over status på tiltaket slik no omsøkt, då med hovudfokus på fyllingshøgder, plassering mot eigedomsgrenser, overvasshandtering m.m. Etter tilsynet Kommunen vil utarbeide ein tilsynsrapport. Her vil det gå fram av rapporten om det er avvik som må lukkast eller om tilsynet vert vurdert som tilfredsstillande og kan avsluttast direkte.

Spørsmål?

Hugs ref. til saksnummer i kontakt med kommunen. Innsending av dokumentasjon og generelle spørsmål vert å sende per e-post til: post@kvinnherad.kommune.no

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Svein Marken
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:
HELLÅS OG HANDELAND ENTREPRENØR AS
Natalie Martins Sæberg

Heio 42
Rosendalsvegen 10